

Styret i Utdanningsforbundet Kinn har fått inn tre saker frå Krokane skule til behandling i årsmøtet. Sakene følgjer under, inkludert styret sitt framlegg til vedtak.

1. Når skal assistent ha betalt lærarlønn for undervisning

Dette er ei sak som vi har diskutert på sist klubbmøte. Skal det gjelde uansett når ein går inn for ein lærar, sjølv om den andre pedagogen er tilstades (typ ved to ped. ordning). Skal dei få betalt for før- og etterarbeid, sjølv om dette ikkje blir gjort? Vi ynskjer oss retningslinjer for når lønn gjelder.

Styret sitt framlegg til vedtak:

- **Framlegg til vedtak: Saka må løysast innanfor lov og avtaleverk. Dette er regulert i hovudtariffavtalen, og SFS2213.**

2. Bruken av privat mobiltelefon på jobb.

Vi brukar stadig meir telefonen vår. Vi skal ha kontakt heim, men også stadig oftare til PPT, BUP og barnevern. Vi ønsker oss mobiltelefon til kvart team, som vi kan bruke i krisesituasjonar, når vi er ute på tur, og når vi må ringe heim eller til andre instansar etter undervisning.

Styret sitt framlegg til årsmøte

- **Framlegg til vedtak: Lokallaget arbeider for ei ordning med mobiltelefon som kan nyttast av lærarar på alle skulane i Kinn i planfesta tid.**

3. Mindre undervisningstid for lærarar i grunnskulen

Det har ei stund vert snakka om eit lærarløft, og om kor viktig det er å løfte yrket i eit positivt lys. Vi har lenge snakka om lønn, men kva med mindre undervisningstid? Vi, lærar, opplever at det vert meir og meir å gjere av ulike arbeidsoppgåver. Vi jobbar på kveldar og helger for å få alle oppgåver gjort. Kunne mindre undervisningstid per. lærar vert eit løft?

Styret sitt framlegg til årsmøte

- **Framlegg til vedtak: Innspel sendast til Utdanningsforbundet Vestland.**